
Fra: Reidar Furelid <rfurelid@yahoo.com>
Sendt: lørdag 15. desember 2018 23:13
Til: Postmottak Lindås
Emne: Halsteindals-vegen, atter ein gong!

Landbrukskontoret i Lindås ved skogansvarleg.

Hei! No er det slutt på tolmodet vedkomande reparasjon av den felles skogsbilvegen vi kallar Halsteindalsvegen!

Eg har bede om å få namn og adresse på eigaren i Halsteindalen. Har greidd å snappa opp eit namn. Men finn ingen via internett med det namnet med adresse som kan vera relevant! Har og freista finna folk på garden der ved helg. Vedkomande var i eit eller anna ærend,- og var ikkje i Halsteindalen. Og eg gav opp det forsøket til kontakt.

Det er ganske uforståeleg at dei tre skogeigarane som har teke ut skog og har forårsaka betygeleg skade på vegen ikkje skjønar at dette må rettast opp! Den komplette likesæla råder! Når ingen ting er gjort etter godt over eitt år etter skaden, - kan det skuldast at det frå kommunen si side har vorte snakka om ei offentleg støtta oppjustering av vegen. Og så har tida gått. MEN **SKADEGJEARANE** må ta ansvar som dei sjølv sagt har etter vanleg tankegang om å gjera greitt for seg. Og reglane for vegbruken burde vera greie å skjøna,- sjølv om dei gjekk ut i 2015!

Oppjustering er ei *anna* sak og skal *det* vera aktuelt,- må **alle** partane kallast til drøfting. Og det bør vera semje om behovet for det. Ein må spørja seg: Kven har behov for oppjustert veg? Slik eg ser det, er det bra nok veg som den har vore,- berre reglane for bruk og skade vert følgde! Eg er truleg den av eigarane som køyrer oftast på vegen. Men eg har enno ikkje transportert noko som har skada vegen!

NB! - I veka som kjem seier langtidsvarselet for *veret* at det kan bli temperaturar kring 0 grader. Truleg då mogeleg med taktorkøyering etter veg utan kjettingar. **Dersom ikkje ansvarlege for skadd veg syter for at dei digre slagholene vert fylte og grus planert innan onsdag den 19. desember,- tek eg affere og transporterer veggrus** frå Kjevikdalen med traktor,- fyller i slagholene og planerar. Grusen må NGIR kunna senda rekning for direkte til den som eig i Halsteindalen. Difor MÅ eg vita namn og adresse. Arbeidet mitt lagar eg rekning på til same person. Kjem eventuelt til å rekna same *tonn*-pris for transport som **eg** har betalt til Nortrans. Han får finna fram til ei fordeling på dei tre skogeigarane som har transportert til skade for vegen. Bed hermed landbrukskontoret sin skogansvarlege melda dette til eigaren av Halsteindalen.

Det er svært enkelt å gje den aktuelle adressa, skulle eg tru? - Ved e-post eller SMS!

Om eg ikkje har fått adresse tidsnok, får rekninga gå til Ole Clausen / landbrukskontoret i Lindås. Og så får den gå til rette vedkomande derfrå. Diverre kjenne eg på ei "hjelpeløyse" i dette høvet!

Må få ta med her: Eg fekk ein SMS frå "Landbrukskontoret" om ei gransking. Den gjekk ut på at vi skal uttrykkja kva erfaringar ein har frå det kommunale landbrukskontoret vekomande "sørvis og tenester". Eg trudde faktisk dette måtte vera ein søppelpost! Eller nokon som dreiv

gjør! - Men så kom det puring ved ny SMS. Og staks etter kom det e-post om det same. Det var då oppgjeve eit namn på ei kvinne ved fylkeskommunen. Henne kunne vi stilla spørsmål til om undersøkinga. Eg så gjorde,- og skjønar no at det er ei seriøs gransking! I høve den framtidige storkommunen. - Og fristen for svar er 27.12.2018. Eg har ikkje opna for granskinga enno,- men skal svara. Ho oppmoda til det, og meinte at sjølvsagt vil mine erfaringar vedkomande "sørvis og tenester" frå landbrukskontoret vera viktige! Det er trist at det er slik,- men for meg har diverre landbrukssjefen vore som ikkje-eksisterande ved høva ein har vendt seg dit og venta oppfølging av sakene! Eg får håpa undersøkinga kan gje sjanse for å få fram erfaringane!

Eg er glad for dei av tenester frå landbrukskontoret som har fungert!! Og takkar og bukkar for dei! - Då er det trist at ein del som er viktig ikkje fungerer!

Med vennleg helsing Reidar Furelid